

## Fråsegn – søknad om løyve til å regulere Instebotnvatnet

Syner til Sesskraft sin søknad om å regulere Instebotnvatnet. Å ta til med inngrep i dette fjellområdet synes eg vil vere meiningslaust. Fjellområdet rund Instebotnvatnet, Trollvatnet, Måsvatnet og Urvatnet er eit lite, men verdifullt område i Vestnes kommune. Området har so langt vore spart for inngrep. Det er eit fint turområde som eg nyttar både vår, sommar og haust.

Ved Instebotnvatnet har eg ofte sett Fjellvåk, seinast sist sommar, då den tydeleg hadde ungar der. Alle desse vatna vert nytta til fiske om sommaren. Eg kan ikkje forstå anna enn at ei regulering av Instebotnvatnet vil ha negativ verknad for fiske i Urvatnet. Samfunnsnytta av at dette fjellområdet får ligge urørt, må vere mykje større enn av at det vert produsert straum til 90 husstandar. Det skjer stadig inngrep i form av vegbygging, nye hyttefelt og kraftutbygging i Vestnes kommune dei seinare åra.

Eg kan vanskelig sjå at det er skrikande mangel på straum som kan nyttast som grunngeving for dette inngrepet. Då kraftverket i Sesselva var etablert, førte det til at det vart lagt fram straum til Sessetra og Daugstadsetra. Det kan vel seiast å vere rein luksus, då bør me også ha råd til å la Instebotnvatnet og området rundt ligge i fred.

Beste helsing

Einar Martin Vike og Marit Årseth Vike